

# ÅRSMELDING - 2022

## MØRE & ROMSDAL GJETARHUNDLAG

---

Styret i Møre og Romsdal Gjetarhundlag er samansett av representantar frå dei 5 lokale gjetarhundlaga, og samansetninga i 2022 har vore:

**Knut-Jørgen Oseberg / vara; Anne-Katrin Melle – Vestre Sunnmøre Gj.h.lag (VSG)**  
**Asbjørn Ingeborgvik / vara; Monika Kvernberg – Nordmøre og Romsdal Gj.h.lag (NRG)**  
**Terje Hurlen / vara; Merethe Hellevik – Midtre Møre Gj.h.lag (MMG)**  
**Andor Bjørke /vara; Nils Edmund Stråmyr – Indre Sunnmøre Gj.h.lag (ISG)**  
**Eirik Sæterbø / vara; Gerd Eva Slettvåg – MidtNorge Gj.h.lag (MNG)**

Styret har hatt 4 styremøter gjennom året, og totalt 18 saker har vore behandla i løpet av året.

### Året 2022

---

#### Nye godkjende ekvipasjar/bruksprov

Møre og Romsdal har fått 13 nye godkjende ekvipasjar i fylket 2022.

#### Gjetarhundprøver/Gjeterhundkurs

Det var stor aktivitet i fylket i fjor, når ein summerer vart det arrangert:

7 distriktsprøver i klasse 1 med 38 deltakerar,

6 distriktsprøver i klasse 2 med 21 deltakerar,

6 distriktsprøver i klasse 3 med 101 deltakerar, inkludert Fylkesmesterskap i bruk av Gjeterhund der det var 19 ekvipasjer.

15 gjeterhundkurs med tilsaman 116 deltagarar, og vidare 159 felles-treninger fordelt over dei fem lokallaga.

Fordelt over dei fem lokallaga har fylket 175 medlemmer.

### NM 2022

På årets NM i Leirfjord, Nordland deltok i alt 4 ekvipasjar frå Møre og Romsdal:

**Jan Myklebust med Akersborg Rex og Frøya, Halvor Tenden med Tara og Ztripz**  
**MRGL nyter høvet til å gratulere begge med innsatsen i NM 2022**

Plasseringane i NM:

Halvor Tenden og Ztripz på 18.plass

Halvor Tenden og Tara på 21.plass

Jan Myklebust med Akersborg Rex på 62.plass

Jan Myklebust med Frøya på 90.plass

Det vart litt stang ut for fylket, så til NM i Gjetarhund 2023 har Møre og Romsdal 3 NM-plassar.

## Fylkesmeisterskapet

Fylkesmeisterskapet vart arrangert i Steinsvika laurdag 24.september. Dommer for helga var Stein Dalland frå Hordaland. Dei 6 beste frå den innleiane runden gjekk til finale med dobbelhent og sortering. Etter endt finaleomgang stod Atle Arnesen og Fern øvst på resultatlista og fekk dermed overrakt fylkesmesterpokalen.

Beste unghund i FM 2022 vart Tom med førar Knut-Jørgen Oseberg.

MRGL gratulerer alle både med titlane og plasseringane.

## Unghundcup'n 2022

Unghundcup'n i 2022 blei avgjort gjennom eit sett av distriktsprøver i klasse 2, og vinner av årets Unghundcup 2022 vart Bjørn Helge Smiseth og Lissi.

Gratulerer!

## Nettsidene

Nettsidene til MRGL ([www.mrgl.no](http://www.mrgl.no)) har i 2022 vore oppdatert av webansvarlig Merethe Hellevik. Det er viktig for medlemmane at vi har ei velfungerande nettside slik at ein får ut informasjon og vidare sår spirar til nye tiltak rundt om i fylket og styret vil nytte høvet til å oppfordre alle om å sende inn materiale til webansvarlig gjennom mail: [redaksjonen@mrgl.no](mailto:redaksjonen@mrgl.no)

## Ein leiars tankar om gjeterhundarbeidet i Møre og Romsdal

Vi har no fem lokale gjeterhundlag i fylket der nokre er ,naturleg nok, meir aktive enn andre. For somme er gjeterhundtrening eit kjærkome avbrekk i kvardagen, andre trener for å få ein velfungerande arbeidshund, for andre igjen er det blodig alvor med konkurranseregåing. Sjølv om det er fleire innfallsvinklar, er kvar enkelt både med på, og har ansvar for, å skape eit gjeterhundmiljø der alle kan trivast. Korleis skal vi då klare å skape eit godt miljø? Vi er avhengige av kvarandre, frå dei som er sauebønder, til dei som har gjeterhund, men ikkje sau. Interessen for gjeterhund og gjeterhundtrening har vi felles. Grasrotarbeidet er viktig, med kurs og treninger gjennom året. Her får nybegynnarane hjelp av dei viderekomne.

Fylkessamlinga i 2022 vart lagt til Surnadal. Det nyaste lokallaget i fylket, MidtNorge Gjeterhundlag, har mange medlemmer og styret i fylkessjeterhundlaget tenkte at vi kom til å favne mange dersom samlinga vart lagt dit. Treningsområdet til MidtNorge gj.h.lag passa perfekt til å ha ei slik samling. Det vart laga til fire områder for trening, og fire instruktørar frå fylket stilte opp og lærte frå seg til over 20 interesserte. Sosialt samvær både fredag- og laurdagskvelden, og gjeterhundtrening laurdag og søndag. Berre blide fjes å sjå gjennom helga. Flest deltararar frå nord om Moldefjorden, men og nokre sørfrå. Ideen bak slike fylkessamlingar er å verte kjende med folk på tvers av lokallaga, nye og gamle venner møtes og får påfyll av kunnskap om gjeterhundtrening.

Dette er også tanken bak « Team Møre og Romsdal» : byggje lagånd og gjere kvarandre betre. Dersom dei som driv med konkurranser på klasse 2-3 nivå får fagleg påfyll og kan bli betre til det dei driv med, kjem det også til å gagne grasrota.

Korleis kan vi klare å skape eit godt miljø der alle vil føle seg velkomne? På skulen har dei MOT-opplegg, eit opplegg for å motvirke mobbing og få alle til å føle seg inkludert og ein del av

fellesskapet. Gjeterhundmiljøet består for det meste av vaksne folk, sjølvsagt med ulike meininger. Alle har lov til å seie si mening, men det skal gjerast på ein respektfull måte , utan bruk av hersketeknikkar, baksnakking og utfrysing. Alle bør tenkje på kva du sjølv kan gjere for å få eit betre miljø.

«Ikkje ver eit ett-tal på jord, bry deg om flokken din» (Per Fugelli)

For Styret i Møre og Romsdal Gjetarhundlag – MRGL

Knut-Jørgen Oseberg-leiar